



Eva Haugland og Marit Sjøvengen med CRP-apparatet som dei har fått av helselaget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Pleie- og omsorgstenesta med base i Myro i Uskedalen har fått tilstrekkeleg med vikarar etter at dei etterlyste slike i vinter. Men eit unntak er vikarar til heimehjelpstenesta, som må stengjast når dei to heimehjelparane har ferie i tre og fire veker frå 14. juli..

Det betyr at dei 21 uskedelingane som har heimehjelp må henta denne hjå slektningar eller andre i desse vekene. Det gjeld i hovudsak til husvask, men også til småtenester ellers. Myra-leiar Eva Berntsen strekar under at dei som er sjuke sjølvstilt vil få heimehjelp uansett..

Med omsyn til vikar-utspelet fekk dei reaksjon fra nokre som kan gå inn i vikariat på meir langsiktig basis frå hausten. Dei fekk også ein sommarvikar og har no god nok dekning her – altså med unntak av heimehjelpa.

Staben i Myro ønskjer ellers å takka helselaget varmt for ei gåve som betyr mykje i det daglege arbeidet. Det er eit CRP-apparat som raskt kan registrera om ein pasient har infeksjonar eller betennelser.

- Dette er eit svært nyttig hjelpemiddel som gjer at vi slepp å reisa til helsesenteret med pasienten, fortel Eva Berntsen.

Av Ola Matti Mathisen